



## Notat

Dato: 01.07.2015  
Arkivsak: 2015/6769-1  
Saksbehandlar: stioise

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Utløysing av opsjonar - transportkontraktar

I transportkontraktane Skyss har med operatørar av buss, bybane, båt og ferje har ein i dei fleste tilfelle moglegheit til å utløyse opsjonsår. Det er no gjort ei vurdering av bruk av opsjonar i kontraktane som har utløp dei næraste åra. Fylkesrådmannen vil med dette informere om kva kontraktar det er løyst ut opsjon på og kva som har vore sentrale faktorar for avgjerslene.

For alle opsjonsvurderingane har kriterium for *kostnad*, *kvalitet i leveransen* og *«tidslinje»* (kopling til utlysing av andre transportkontraktar både lokalt og nasjonalt, oppstartstid for nye kontraktar, kapasitet i Skyss med tanke på anbudsprosessane, mv.) blitt lagt til grunn for vurderinga.

#### Busskontraktar

Skyss har vald å løyse ut opsjon på to år for busskontraktane Bergen sør, Bergen sentrum og Bergen nord. Tabellen under viser ny utløpsdato for kontraktane.

Kontrakt	Operatør	Opphavleg kontraktsutløp	Opsjons- moglegheit	Nytt kontraktsutløp etter utløyst opsjon
Bergen sør	Tide Buss AS	16.08.2017	1+1	16.08.2019
Bergen sentrum	Tide Buss AS	01.12.2018	1+1	01.12.2020
Bergen nord	Tide Buss AS	01.10.2018	1+1	01.10.2020

Avgjersla om å løyse ut opsjon på desse kontraktane er basert på ei samla vurdering, der ein sentral faktor har vore å få fordelt arbeidet med nye konkurranseutsettingar utover i tid. Dersom opsjonar ikkje hadde blitt løyst ville anbudsarbeidet ha falt saman med anbudsarbeid for fleire større kontraktar som allereie vil krevje mykje av Skyss sin kapasitet i 2015 og 2016 (mellom anna nye ferjeanbod). I tillegg vurderer Skyss det som føremålstenleg å spreie utlysningane for transportkontraktar utover i tid av omsyn til konkurransen i

marknaden. Basert på utvalde kriterium for kostnad og kvalitet er det Skyss si vurdering at dei aktuelle kontraktane samla sett fungerer godt, og at det ikkje er presserande å sette i gong nye anbudsrundar.

### **Bybanen**

Skyss har vald å løyse ut opsjon på eitt år for bybanekontrakten. I kontrakten er det moglegheit for å ta ut opsjon på eitt år til, og Skyss vil gjere ei ny opsjonsvurdering knytt til det siste året på eit seinare tidspunkt. Tabellen under viser ny utløpsdato for kontrakten.

Kontrakt	Operatør	Opphavleg kontraktsutløp	Opsjons-moglegheit	Nytt kontraktsutløp etter utløyst opsjon
Bybanen	Keolis AS	01.07.2017	1+1	01.07.2018

Avgjersla om å løyse ut opsjon på kontrakten er basert på ei samla vurdering, der ein sentral faktor har vore at Skyss vurderer som risikofyllt å bytte operatør i fyrste driftsår med ny bybanestrekning (Lagunen-Flesland). Basert på utvalde kriterium for kostnad og kvalitet er det Skyss si vurdering at bybanekontrakten samla sett fungerer godt, og at det ikkje er presserande å sette i gong ein ny anbudsrunde.

### **Ferje**

Skyss har vald å løyse ut opsjon på eitt år for alle ferjekontraktar, med unntak for ferjesambanda Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg (kontrakt Midthordland/Hardanger) der opsjon allereie er løyst ut. Tabellen under viser ny utløpsdato for kontraktane.

Kontrakt – ferjesamband	Operatør	Opphavleg kontraktsutløp	Opsjons-moglegheit	Nytt kontraktsutløp
Masfjordnes – Duesund	Wergeland AS	31.12.2017	1 år	31.12.2018
Nordhordland – Fedje – Sævrøy – Leirvåg – Sløvåg – Langevåg – Buavåg	Norled AS	31.12.2018	1 år	31.12.2019
Sunnhordland – Skjersholmane – Ranavik – Skånevik – Matre – Utåker – Jektevik – Hodnanes – Nordhuglo – Fjelberg – Sydnes – Utbjoa	Norled AS	31.12.2018	1 år	31.12.2019
Midthordland/Austevoll – Krokeide – Hufthamar – Husavik – Sandvikvåg  – Halhjem – Våge – Hatvik – Venjanaset	FosenNamsos Sjø AS	31.12.2017 (opsjon utløyst)  31.12.2018	1 år	  31.12.2019
Hardanger – Kvanndal – Utne – Kinsarvik – Tørvikbygd – Jondal – Gjermundshamn – Årsnes – Varaldsøy	Norled AS	31.12.2018	1 år	31.12.2019

Klokkarvik – Hjellesstad <sup>1</sup> – Klokkarvik – Lerøy – Bjelkarøy – Hjellesstad	GulenSkyss AS	31.12.2018	1 år	31.12.2019
--	------------------	------------	------	------------

Avgjersla om å løyse ut opsjon på ferjekontraktane er basert på ei samla vurdering, der ein sentral faktor har vore å gi marknaden tilstrekkeleg oppstartstid mellom signering av kontrakt og driftsoppstart for nye anbod. Marknaden har signalisert ønskje om minimum tre år oppstartstid. Dette gjev marknaden god tid til å få på plass eventuelle miljøløysingar eller nybygg. Ved å løyse ut opsjon for ferjekontraktane får ein for dei fleste av ferjesambanda tre år oppstartstid.

Basert på utvalde kriterium for kostnad og kvalitet er det Skyss si vurdering at dei aktuelle kontraktane samla sett fungerer godt, og at det ikkje er presserande å sette i gong nye anbodsrundar.

<sup>1</sup> Kontrakt med Bergen–Nordhordland Rutelag AS vart avvikla pr. 30.9.2014, medan Gulen Skyssbåtservice AS vant anbodskonkurranse om drift av sambandet for perioden 1.10.2014 – 31.12.2018, med opsjon på 1 år.